

Marit Nesse
Edel Formidling
Langerinden 15
5915 Hjelmås
mob 908 91 452
Org.nr: 999 532 098
k.nr: 4202 38 18781

Lindås kommune
næringskoordinator Silje A. Hoaas
Sætre marka 2
5943 Austrheim

TILSKOTSØKNAD TIL UTVIKLINGSPROSJEKT FOR EDEL FORMIDLING

Skildring av verksemda

Edel Formidling har levert formidling av barnebøker, forteljerforestillinger, dramaforløp, samt song- og forteljarstunder, til lag, organisasjonar og næringsliv i 2013.

Skildring av prosjektet

Edel Formidling samarbeider med tre andre minder aktørar i enkelte prosjekt. Dette vil me vidareutvikle i 2014. Eit typisk samarbeidsprosjekt er større framsyningar som ber i seg forteljing og song eller dans. Denne typen prosjekt ser me høve til å utvikle, samt lage nye reportoar over same konsept.

Marknaden

Kundane til Edel Formidling er bibliotek, bokhandlarar, skular, kyrkja den norske, metodistkyrkja og alders- og sjukeheimer. Så langt har me levert desse tenstene til kundar i Knarvik, Austrheim, Bergen, Volda, Porsgrun og Oslo. Edel Formidling ser potensiale til å byggje opp større kundemasse både i Nordhordland, Bergen og elles i landet. Ein kan sjå vekstpotensiale særleg innan formidling av bøker på bibliotek og bokhandel. Vidare i song og forteljing innan den kulturelle spaserstokken samt -skulesekken, og i formidling av bibelhistorier gjennom musikk, dans og drama i ymse kyrkjesamfunn.

Vekstpotensiale/plan

Edel Formidling arbeider med å få på plass fleire langsiktige kontraktar med

kundekretsen sin.

Planen for 2014 er å lage produktpakkar som er tilpassa kundens behov.

Økonomisk situasjon

2013 var oppstartåret for Edel Formidling. Dette året arbeidde me for å byggje opp kundekrets og skaffe avtalar kor me leverte ulike formidlingstenester. I 2014 forventar me vekst og utvikling for verksemda.

Finansieringsplan

Edel Formidling har kapitalbehov for å kompetanseheving innan røystskodespel. I tillegg er det kapitalbehov for produktutvikling, marknadskartlegging og marknadsføring, samt profilering. Sjå vedlagt budsjett.

Framdriftsplan

Edel Formidling vil i slutten på februar ta eit kurs i røystskodespel i Göteborg i regi av Monte Reid (www.montereid.com).

I 2014 har me knytt oss til Nordhordland Næringshage for å få nettverk oppfylgning og rettleing innan produktpakkar, marknadsføring og profilering.

Edel Formidling dekkjer eit unikt behov for kontakt mellom historiar som vert formidla og menneskene som lyttar og gjennom nærheit og sanseintrokk lever seg inn i historien på eit heilt anna vis enn gjennom t.d. ein TV-skjerm.

Opplivinga av formidling vert større og fangar tilhøyreren på ein givande måte.

Me er difor sikre på at Edel Formidling kan utvikle forretningmodellen sin og levere profesjonelle tenester til kundane våre framover.

Edel Formidling ber med dette om tilskot til utvikling av kompetanse, profilering og marknadsføring på kr. 40.000,-

Om noko er uklart er det berre å ta kontakt med oss. På førehand takk.

Venleg helsing

Edel Formidling Marit Nesse
Edle Formidling Marit Nesse

Vedlegg : Driftsudsjett og Investeringsbudsjett for 2014.

orgnr. 999532 098		Budsjett Edel Fomidling		
		Antal	pris	sum
	Norli, fast avtale ut 2014	32	2500	80000
	Bibliotek lesing	20	500	10000
	Skular, sjukehus, aldersheim	25	1500	37500
	Skulesekken/den gylne spaserstokk	10	2500	25000
	Den Norske Kyrkja	10	1500	15000
	Private arrangement	15	2000	30000
	Samarbeidsprosjekt større arrangement	5	10000	50000
	Diverse oppdrag	5	10000	50000
Sum		122		297500
Utgifter	Kontor Transport			45000
	Løn			150000
	Regnskap			20000
	Marknadsføring			20000
	Andre utgifter			35000
Sum				270000
Investeringsbudsjett				
	Kompetansehevande kurs			25000
	Profilering			25000
	Produktpakketering			25000
Sum investeringar				75000
Finansiering				
	Eigenkapital			35000
	Næringsfond Lindås kommunen			40000
Sum finansiering				75000